

Rapport frå prosjekt: «Orientering inn i skulen og ut i fritida» frå Os Orienteringsklubb 2017

Os Orienteringsklubb fekk kr.42.000 i tilskot til «lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom» i 2017.

Gjennomførte tiltak og målsettingar:

Os Orienteringsklubb lanserte portalen «OiSkolen» til skulestart hausten 2017, heilt i tråd med planen. Tilskotet var litt mindre enn vi hadde håpa på, og det vart nødvendig å prioritere arbeidet. Vi valde i tråd med tildelingsbrevet å legge vekt på arbeidet som gav mest igjen til sluttbrukarane (elevar og lærarar) og mindre på kostbare eksterne konsulenttjenester.

Portalen leverer derfor akkurat det lærarane treng mest. [Sjølv portalen er her!](#)

Den ytre delen av portalen er open for alle, mens den indre delen er beskytta med brukarnamn og passord. Portalen er for lærarar, og dei kan fritt late ned og bruke øvingane i portalen så lenge øvingane er tilgjengelege. I tillegg til øvingane finn dei linkar til korleis den einskilde øving skal gjennomførast med link til øvinga i aktivitetsbanken.no, kor lenge øvinga er tilgjengeleg og fasit på oppgåver. (jfr.bilete under)

The screenshot shows the 'Os ungdomsskule' section of the OiSkolen portal. At the top, there's a navigation bar with 'O i skolen', 'Orientering i skolen', a search bar, and links for 'Siste endringer', 'Mediefiler', and 'Indeks'. Below the navigation is a grid of icons representing different orienteering activities like Sprint, Skogsløype, Foto-O, Caps-stafett, Tomt kart, Gylsal-stafett, and Kjegle-O. To the right of the icons is a table titled 'Os ungdomsskule' listing various orienteering events with details such as date, location, and links to external resources like 'Fasit Sprintløype' or 'Fasit Foto-O Osøyro'.

Øving	Øvingskart	Beskrivelse	Tilgjengelig	Fasit
Sprint	Tur-O Sprint OSG	Typisk sprintorienteringsløype fra Os Gymnas	1/5 - 29/10 2017	Fasit Sprintløype
Skogsløype	Tur-O Skog OSG	Typisk skogsorienteringsløype (kort) fra Kuventrä	1/5 - 29/10 2017	Fasit skogsløype
Foto-O	Foto-O på Øyro	http://turorientering.no/osok/turer/2017/foto-o-postplukk/	1/5 - 29/10 2017	Fasit Foto-O Osøyro
Caps-stafett	Øving 1 Øving 2	http://www.aktivitetsbanken.no/orienteering/ovelser/caps-stafett/	til 20.juni 2018	
Tomt kart	Prestegardskogen	Kart til å lage eigne løyper Purple Pen - Gratis program for løypelegging	til 20.juni 2018	
Gylsal-stafett	Alle postane	http://www.aktivitetsbanken.no/orienteering/ovelser/Gylsalstafett/	Heile året	
Kjegle-O	Øving i skulegården	http://www.aktivitetsbanken.no/orienteering/ovelser/Nybegynner-Kjegilstafett/	Heile året	

Alle dei 12 grunnskulane og dei 2 vidaregåande skulane i Os har fått kvar si side. 6 av grunnskulane har fått 4 øvingar eller meir, dette var og målsettinga. I tillegg har begge dei vidaregåande skulane fått minst fem øvingar, og nokre av dei andre grunnskulane har fått ei øving eller 2. Dette er meir enn målsettinga.

Oppstarten gjekk noko seinare enn vi hadde håpa. Vi fekk raskt i stand eit møte med 8 gymlærarar på Os Ungdomsskule. Skulen er også svært ivrig brukar av portalen, og har skrytt mykje av den.

Vi hadde også ein avtale om å få presentera OiSkolen for alle rektorane på grunnskulane i Os. Det skulle vert i september, men har av ulike grunnar vorte utsett av kommunen 2 gonger. Men 7.desember vart møtet gjennomført i kommunestyresalen i Os Rådhus. Vi trur derfor at det først er i 2018 vi ser den store effekten av portalen.

Arbeidet har bestått av mykje dugnad. Kostnader klubben har hatt går fram i vedlagte rekneskap. I tillegg har til saman 6 personar utført til saman 328 dugnadstimar (tilsvarande 98.400kr) og kjørt 2514 km. Til saman er det laga 42 kart med øvingar til skulane i Os.

Avvik:

Vi har levert meir enn vi lova.

Vidareføring:

Arbeidet med portalen vert vidareført gjennom vinteren og i 2018. Vi håper å ha fullt tilbod til alle skular og elevar i Os kommune til skulestart hausten 2018.

Portalen har vert oppe på styremøte i Norges Orienteringsforbund, dei følgjer interessert med i arbeidet på portalen og kva effekt den får. Fleire orienteringsklubbar i Noreg har vist interesse for portalen, nokre av dei er mellom landets største klubbar. Dette til tross for at vi ikkje har hatt noko nasjonal lansering.

Klubbane som har vist interesse og ynskt å prøve portalen er:

Gjerdrum OK, Kongsberg O-lag, Moss OK, Skien OK og Verdal OK.

Vi vil i 2018 arbeide vidare for å finne ut om dette er noko heile Noreg ynskjer!

Helsing
Tommy Sævareid
Leiar Os Orienteringsklubb
leiar@osok.no
mob. 4738 2657